


MODALEN KOMMUNE



Vedtekter for næringsfondet

INNHALD

Vedtekter for næringsfondet - Modalen kommune

| | |
|--|------|
| 1. Kraftfond - Heimeel, kapital og avkastning | s. 3 |
| 1.1. Fondskapital | s. 3 |
| 1.2. Avkastning | s. 3 |
| 2. Føremål | s. 4 |
| 3. Former for stønad | s. 5 |
| 4. Forholdet til internasjonale plikter – statsstøtteområdet | s. 5 |
| 5. Vilkår for stønad | s. 5 |
| 6. Forvaltning | s. 6 |
| 7. Årsmelding | s. 6 |
| 8. Godkjenning av vedtektene | s. 6 |

VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET I MODALEN KOMMUNE.

§ 1. Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

1.1 Fondskapital.

Grunnfondskapitalen er på 2 mill. kroner, innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK).

Som kjem frå:

Kraftfond på kr 300.000, - innbetalt av BKK for reguleringsoverføring Eksingedalsvassdraget. Gjeve ved kongeleg resolusjon av 04.03.66.

Modalen fekk her 30 % av grunnkapitalen som vart avsett til kraftfond totalt.

Kraftfond på kr 1.000.000, - innbetalt av BKK for regulering av Steinslandsvassdraget mv. Oppretta ved kongeleg resolusjon av 25.07.75.

Grunnfondskapital er kr 2.000.000, -. Denne kan ikkje nyttast til lån eller tilskot.

1.2 Avkastning.

Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av BKK i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra for følgjande konsesjonar:

For reguleringsoverføring av Eksingedalsvassdraget.
reg. nr 376 43562 av 04.03.66

Konsesjonsavgifter frå Matre - Haugsdalsvassdraget :
reg. nr. 18 41856 av 19.12.58 og
reg. nr. 198 41856 av 17.07.53 og
reg. nr. 244 44800 av 08.02.80 og
reg. nr. 839 41860 av 01.06.62

Frå Steinsland Kraftverk:
reg. nr. 389 44113 av 25.07.75 og

frå Hellandsfossen :

reg. nr. 389 44113 av 25.07.75 og

reg. nr. 637 45216 av 24.06.88

Frå Vemundsbotn inntak Storavatn:

reg. nr. 198 41856 av 17.07.53

- Renter og annan avkastning av fondskapitalen.
- Årleg netto inntekt for sal av konsesjonskraft til Modalen kraftlag i samsvar med kommunestyrevedtak (sak KS-056/12).

Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

§ 2 Føremål

Næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen.

Strategisk næringsplan (SNP) er styringsdokument for støtte gjeven frå næringsfondet. Sentrale kriteriar i vurderinga er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.

Det er ein føresetnad at søkjar (person/verksemd) har bustadadresse og/eller kontoradresse i Modalen, og at aktivitet og/eller sysselsetjing finn stad i Modalen kommune. Fondsstyret kan i særlege tilfelle avvike frå dette kravet dersom det er vektige grunnar som likevel vil kunne vere i tråd med føremålet.

Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Modalen kommune.

Fondet kan nyttast til å løne tilsette i arbeidet med å utøve kommunen sin næringspolitikk og å forvalte fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift av verksemder og kommunen - med unntak av renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt føremål.

§ 3 Former for stønad

Stønad kan tildelast i form av tilskot og/eller lån. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.

Vidare er det høve til å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål etter kommunelova § 51 og føresegnene for kommunale garantiar.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Tilskot gjennom næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

Stønadsmottakar skal innan 1 år etter tildelt støtte sende Modalen kommune ein rapport som viser status for det omsøkte prosjektet med særleg vekt på betydinga av støtta som vart gjeven.

§ 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtteområdet.

Bruken av næringsfondet skal vera i samsvar med dei internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet (dvs. EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte) jf. rundskriv frå *Kommunal- og regionaldep* (2011).

§ 5 Vilkår for stønad.

Søkjar må nytte Modalen kommune sitt søknadsskjema (www.modalen.kommune.no) for at søknaden skal kunne handsamast. Søknadsskjemaet listar opp krav til innhald i søknaden. Ta gjerne kontakt med Modalen kommune for evt. råd og hjelp i samband med utfylling av søknad.

§ 6 Forvaltning

I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre. I saker som gjeld kommunale fellestiltak er det kommunestyret som er næringsfondsstyre, jfr. § 2.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto slik at midlane til ei kvar tid er til rådvelde. Renter og avdrag på utlån skal attende til kraftfondet. I særlege høve kan kommunestyret gjera unntak for heile eller deler av renta. Anna plassering av fondsmidlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid.

Når det gjeld høve til å klage på avgjerder syner ein til § 59 i kommunelova (lovleg-kontroll) og forvaltningslova § 28 andre ledd (klage på enkeltvedtak). Klagefrist er 3 - tre - veker etter at vedtaket er gjort.

§ 7 Årsmelding

Kommunen melder om fondet sin aktivitet i den ordinære årsmeldinga som vert sendt fylkesmannen.

§ 8 Godkjenning av vedtektene

Kommunestyret kan gjere vedtak om endring av vedtektene. Vedtak om endring av vedtektene for næringsfondet skal godkjennast av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Modalen kommune

Kommunestyret

21.09.2017

Saknr. 045/2017